

• Import



Importvekst: Etter EU-innmeldinga har den svenske importen av kjøtt- og meierivarer eksplodert og meierisamvirket Arla har blitt eit internasjonalt konsern med hovudkontor i Danmark. Mjølkeproduksjonen i Sverige har gått ned, osteimporten er firedobla og meir enn annankvar ost blir nå importert. Foto: Mariann Tvete

Importen til himmels etter at Sverige blei med i EU

Etter at Sverige melde seg inn i EU har den svenske importen av kjøtt og ost eksplodert og viktige delar av matindustrien har flagga ut.

Vel 25 år etter at Sverige blei medlem i EU har sjølvforsyninga av sentrale jordbruksvarer gått kraftig ned og importen av animalske matvarer har gått til himmels.

Det går fram av rapporten «Jordbruket i Sverige i Unionen» frå AgriAnalyse, som er eit analysebyrå eigd av norske bønder.

Stor importvekst

Tidleg på 90-talet var Sverige

så godt som sjølvforsynt av dei fleste typar kjøtt, meierivarer og egg og det var lite import.

Tal som Nationen før har henta inn viser at importen til Sverige i 1990 var på rundt 13.000 tonn storfekjøtt og 16.000 tonn svinekjøtt.

Utover 90-talet skaut importen fart. Året etter at Sverige hadde blitt medlem i EU var importen oppe i over 40.000 tonn storfekjøtt og 29.000 tonn svinekjøtt.

I 2019 var importen på 85.000 tonn storfekjøtt og 152.000 tonn svinekjøtt ifølgje rapporten til AgriAnalyse.

Parallelt har produksjonen av storfekjøtt stagnert og gått svakt ned medan produksjonen av svinekjøtt er redusert med 68.000 tonn eller godt over 20 prosent.

På meierivarer er omveltningane minst like markante. Produksjonen av ost har gått ned med 47.000 tonn eller rundt 37 prosent frå 1995 til 2019. I same tidsrom har importen av ost auka med 115.000 tonn, noko som er meir enn ei firedobling.

Produksjonen av konsummjølk og smør har òg gått ned med 30 til 40 prosent 1995 til 2019 medan den totale svenske

mjølkeproduksjonen har gått noko mindre ned.

Sjølvforsyningsgraden, målt i produksjon som del av det svenske konsumet, var på rundt 100 prosent eller meir for dei fleste typar kjøtt og meierivarer ved midten på 90-talet.

Sidan har den svenske sjølvforsyninga stupt. Dei siste åra har sjølvforsyningsgraden vore nede i mellom 70 og 80 prosent for meierivarer og kjøtt frå svin og fjørfe ifølgje rapporten frå AgriAnalyse.

På storfe har sjølvforsyninga vore rundt 60 prosent siste åra medan den svenske produksjonen av lam berre dekker rundt 30 prosent av forbruket.

Tollkutt og fri flyt

Torbjørn Tufte, som er forfattar av rapporten, seier at store delar av det svenske jordbruket har hatt eit tøft møte med konkurransen frå andre EU-land.

– Sverige gjekk langt i retninga av å avregulere jordbruket i åra før dei gjekk inn i EU. Som medlem i EU forsvann tollvernet og det blei fri flyt av varer. Konkurransen mot andre land har vore veldig hard. På storfe, svin og meierivarer har det svenske jordbruket verkeleg fått merke det, seier Tufte til Nationen.

Sjølv om kostnadsnivået er rundt 50 prosent høgare i Norge enn i Sverige målt i form av bruttonasjonalprodukt (BNP) per innbyggjar, så er kostnadsnivået også i Sverige vesentleg høgare enn i resten av EU.

Tufte seier kombinasjonen av

høgare kostnadsnivå, naturgitte føresetnader og frakt har gjort det vanskeleg for det svenske jordbruket i konkurransen med jordbruket i Danmark, Tyskland og ei rekke andre land.

Industrien flagga ut

Matindustrien i Sverige har også gått frå å vere samvirkebasert og eigd av svenske bønder til å bli dominert av tunge utanlandske aktørar.

Arla, som tidlegare var svensk, fusjonerte med danske MD Foods rundt tusenårsskiftet. I dag er Arla eigd av rundt 10.000 mjølkeprodusentar i



Hard EU-konkurranse

«Konkurransen mot andre land har vore veldig hard. På storfe, svin og meierivarer har det svenske jordbruket verkeleg fått merke det»

Torbjørn Tufte, prosjektleiar i AgriAnalyse



Ostekollaps: Den svenske osteproduksjonen har gått ned frå 128.000 tonn i 1995 til 81.000 tonn i 2019. Importen av ost har på omtrent same tid auka frå 25.900 tonn i 1996 til 141.000 tonn i 2019, ifølgje AgriAnalyse. Foto: Svein Egil Hatlevik

sju land. Rundt ein firedel av bøndene er svenske og hovudkontoret til Arla er i Danmark.

Kjøttmarknaden har gått frå å vere dominert av svenske bondeidegde samvirkeselskap til å vere kontrollert frå utlandet.

Rundt tusenårsskifte fusjonerte ei rekke svenske bondeidegde slakterisamvirke i eit forsøk på å møte konkurransen. Dei danna Swedish Meat, som raskt fekk store vanskar. I 2007 blei det svenske kjøttssamvirket selt til finske HK Roukatalo, som tok namnet HK Scan. HK Scan er i dag marknadsleiar i den svenske kjøttsektoren, ifølgje rapporten, som trekker fram finske Atria og danske Danish Crown som hovudkonkurrentane i den

svenske kjøttmarknaden.

Tuften utelukkar ikkje at utflagginga av delar av den svenske matindustrien har medverka til lågare svenske sjølvforsyning og meir import.

– Fleire av aktørane konkurrerer globalt og som konsern vil dei optimere produksjonen. Dei tenker nok ikkje primært på å halde oppe den svenske produksjonen, seier Tuften.

Tuften seier Sverige gjekk langt i retning av å avregulere jordbruket i åra før EU-medlemskapet. Korleis det ville gått med det svenske jordbruket utan EU-innmeldinga meiner han dermed ikkje er lett å vite.

– Det er vanskeleg å seie korleis det svenske jordbruket ville vore utanfor EU, men det er in-

gen tvil om at store delar av den svenske matproduksjonen har møtt tøff konkurranse frå andre EU-land, seier han.

– Vil snu trenden

Tuften seier utviklinga dei siste åra har vist teikn til betring samtidig som den politiske viljen til å satse på svensk matproduksjon har blitt sterkare.

– Det har blitt større merksemd og vilje til halde oppe matproduksjonen og sjølvforsyninga i Sverige. Det blir lagt strategiar og set mål om å auke den svenske produksjonen. Om dei får det til er ein ting, men temaet er iallfall på agendaen, seier Tuften.


Bjarne Bekkeheien Aase

bjarne.aase@nationen.no

Import til Sverige

Veksten i svensk import målt i tonn.

■ 1996 ■ 2000 ■ 2005 ■ 2019



Tala er henta frå det svenske Jordbruksverket av AgriAnalyse.

Grafikk: Bjarne Bekkeheien Aase, Nationen • Kilde: Jordbruksverket / AgriAnalyse



Grensehandel: Nordmenn handlet mer i Norge som følge av stengte grenser. Størst var forskjellen i regioner ved grensa til Sverige. Illustrasjonsfoto: Vidar Ruud / NTB

Mindre grensehandel ga mer handel i Norge i 2020

NÆRING

Omsetningen i norske dagligvarebutikker og alkoholsalg økte med 18 prosent i 2020 som følge av koronarestriksjoner og redusert grensehandel.

Stengte grenser, ingen taxfree og restriksjoner i restaurantbransjen førte til en økning i omsetningen av dagligvare og alkohol på 18 prosent sammenlignet med året før, viser tall fra Statistisk sentralbyrå (SSB). Nordmenn spiste hjemme heller enn i kantiner og på restauranter.

Høyere priser sto for noe av den økte omsetningen, men i hovedsak var årsaken større volum. Nordmenn handlet 14 prosent mer enn i 2019.

Den største økningen var i grenseregionene. Halden hadde en omsetningsøkning på 48 prosent, mens Fredrikstad/Sarpsborg økte med 41 prosent.

På motsatt side av grensen falt omsetningen med 38 prosent i grensekommunene.

Store utslag i hytteområder

Mens salget falt i hyttekommuner under hytteforbudet i fjor vår, skjøt salget i været i fjor sommer. Mens Hallingdal opplevde en nedgang på nesten 40 prosent i april sammenlignet med året før, viste juli en oppgang på hele 44 prosent.

I Valdres og Setesdal/Sirdal var nedgangen om lag 30 og 20 prosent i april, mens juli 2020 viste en oppgang fra samme

måned året før på om lag 35 prosent for disse områdene, ifølgje SSB.

Totalt ga økt salg i norske butikker også at næringsmiddel- og drikkevareindustrien gikk mot strømmen i norsk industri generelt, og fikk et sterkt år.

«Den klare veksten i næringsmiddel- og drikkevareindustrien kan blant annet knyttes til økt etterspørsel fra dagligvarebutikkene på grunn av redusert grensehandel, og et noe endret forbruksmønster som følge av at folk var mer hjemme», skriver SSB.

Meieri og is

Det var en generell vekst i næringsmiddelindustrien, men spesielt produksjonen av meieriprodukter og is, samt ferdigmat, stod for den største veksten. Det var også betydelig vekst innen produksjon av sjokolade og sukkervarer.

«Dette er produsenter som typisk har store deler av sine leveranser rettet mot dagligvarebutikkene, og deler av denne økningen kan tilskrives etterspørselsøkningen fra denne næringen», skriver byrået.

Innen drikkevarer økte spesielt produksjonen av øl, noe som må ses i sammenheng med mindre grensehandel og mindre handel gjennom taxfree.

Nyhetsbyrået NTB

redaksjonen@nationen.no

Jon-Fredrik Bækgaard Klausen

jon-fredrik.klausen@nationen.no